

Fjøs for 240 sauar reisar seg

07.09.2012



Det er eit ruvande fjøs som reisar seg på Myklebust

Den største sauebonden i bygda, Olav Hjetland Bringedal, satsar stort i haust. No driv han med sau på 5 stader, men før hausten er omme skal han ifølge planen ha konsentrert drifta til ein stad. Heime på Myklebust bygger han sauefjøs av ein dimensjon som ikkje er vanleg på våre kantar med mindre det er lagt opp til samdrift. Fjøset til Olav er 390 kvadratmeter og der skal 240 vinterfora sauar boltra seg på 260 kvadratmeter.

Mye arbeid står att og no er Stål og Landbruksbygg i Larvik i gang med monteringen av dei ymse delane av bygget, som ligg slik til i landskapet at det trass i alt ikkje ruver og på ingen måte skjemmer omgjevnaden.

Den driftige og unge bonden og hjelparane hans skal også finne tid til å gjera mykje sjølv. Når det gjeld fullføringa av prosjektet seier Olav at han håpar å bli ferdig i haust.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Olav Hjetland Bringedal - ung og driftig bonde og bondelagsleiar